



## Referat frå kommunemøte

Torsdag 12. januar 2023, Teams

**Møteleiar:** Mari Severinsen

**Deltakarar:** Kommunane, Vest politidistrikt, PST, HV-09, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik, Helse Bergen, Haraldsplass DS, Helse Fonna, Helse Førde, KS, Region Nordhordland IKS.

**Ikkje til stades:** Aurland, Austevoll, Fedje, Lærdal, Voss.

### Innhald

1.	Innleiing .....	2
	Rapportering.....	2
	Møte med arbeids- og inkluderingsdepartement .....	2
2.	Tryggleikspolitisk situasjon.....	2
	Orientering frå Vest politidistrikt v/Gustav Landro.....	2
	Orientering frå PST Vest v/Torgils Lutro.....	3
	Orientering frå HV-09 v/Karl Johan Staff.....	3
	Spørsmål.....	4
3.	Atomberedskap .....	4
	Situasjonsoppdatering frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) v/Ole Bøklepp.....	4
	Møte om utandørsopphald ved innmelding v/Mari Severinsen.....	4
4.	Sivile beskyttelsestiltak – tilfluktsrom, befolkningsvarsling .....	4
	Orientering frå Hordaland sivilforsvardsdistrikt v/Johnny Aslaksen .....	4
	Tilfluktsrom.....	4
	Befolkningsvarsling.....	5
	Innretning av framtidige sivile beskyttelsestiltak.....	5
	Lokasjonsbasert sms-varsling v/Mari Severinsen.....	5
5.	Status frå helseføretaka .....	6
	Innleiing v/Linda Svori .....	6
	Haraldsplass diakonale sykehus v/Kjerstin Fyllingen .....	6
	Helse Førde v/Arve Varden .....	6
	Helse Bergen v/Eivind Hansen.....	7
	Helse Fonna v/Olav Klausen .....	7
6.	Orienteringssaker .....	7
	Paxlovid .....	7
	Hurtigtestar .....	7



Mangelsituasjon for antibiotika .....	8
Rundskriv om bistand frå forsvaret.....	8
Straumstønad til flyktningar som vert busett i hytter.....	8

## 1. Innleiing

Vi legg i utgangspunktet opp til eitt møte i månaden framover, i tillegg planlegg vi fleire temamøte. Neste kommunemøte vert torsdag 16. februar kl. 13.30 - 15.00.

Vi minner om at innspel til relevante tema kan sendast til beredskapsadressa vår ([sfvlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvlberedskap@statsforvalteren.no)).

### Rapportering

Før jul meldte vi om at nasjonale styresmakter framleis ønskjer rapportar frå kommunane i STAF-løysinga. Vi held fram dialogen med dei om både behovet for rapporteringa og omfanget av den. Neste rapporteringsfrist er 6. februar, med vidare rapporteringsfrekvens kvar fjerde veke.

Vi beklagar at det var nokre utfordringar med rapporteringa denne veka. Vi arbeider med å sikre at vi får informasjon om endringar eller utfordringar med systemet så tidleg som mogleg, slik at vi får informert dykk om det.

### Møte med arbeids- og inkluderingsdepartement

Vi minner om møte med arbeids- og inkluderingsministeren i morgen kl. 08.30-09.15. Tema for møtet er busetjing av flyktningar og deltaking i arbeidslivet. Møteinvitasjonen skal ha blitt sendt direkte til kommunane, men av erfaring veit vi at det ofte blir sendt til postmottak og at det kan ta noko tid før det kjem fram til dei rette personane. Vi sendte difor møteinvitasjonen til ordførar, kommunedirektør og beredskapskontakt.

## 2. Tryggleikspolitisk situasjon

Vår forståing av utviklinga i krigen er i all hovudsak den same som den var på førre møte. Det er ikkje noko som tyder på at ei snarleg løysing er i siktet, verken militært eller diplomatiske. Rundt nyttårshelga var det i vestlege media særleg merksemd på det ukrainske rakettangrepet på ein skulebygning i ein by i Donetsk. Russland hevda at litt over 60 russiske soldatar vart drepane, mens Ukraina påstår at det reelle talet var rundt 400. Dei siste dagane har det vore mykje omtale av situasjonen i byen Soledar i Aust-Ukraina. Den russiske privathæren Wagner-gruppa påstår å ha tatt kontroll over byen, mens ukrainske styresmakter seier at det framleis er kamper.

Opne tilgjengelege analysar frå militæranalytikarar tilseier at både Russland og Ukraina planlegg vidare offensivar utover vinteren og våren. I talen på NHOs årskonferanse sist veke sa generalsekretær i Nato, Jens Stoltenberg, at krigen i Ukraina er uføreseieleg, men at den mest truleg vert avslutta ved forhandlingsbordet. Han sa at styrken på slagmarka likevel vil avgjere styrken ved forhandlingsbordet, og at vidare forsyningar av våpen til Ukrainia difor er nøkkelen til fred.

### Orientering frå Vest politidistrikt v/Gustav Landro

Det er lite endringar frå sist møte. Det er politiet sjølv som no står for vakthalde ved gassanlegga. Politidistriket har framleis merksemd på etterretningsverksemd frå statlege aktørar.



## Statsforvaltaren i Vestland

Det har vore medieomtale av russiske fiskefartøy som m.a. søker ly for våret i vårt distrikt. Det har vore tilfelle av oppankring nær sårbare anlegg og liknande. Politidistriktet har merksemd på dette, og flyttar russiske fartøy frå andre oppankringsplassar enn dei som er tilvist av politiet. Godt samarbeid med FHO, Sjøtrafikksentralen på Fedje og Kystverket. Det er sentralt at politidistriktet har politiråd, grenseseksjonen, etterretning og PST med på laget i vurderingane når russiske fartøy søker ly/shelter.

Politiet observerer at russiske fartøy har avvikande seglingsmønster langs kysten vår. Politiet observerer og registrerer. Det er òg registrert russiske fartøy med avvik i AIS, posisjoneringssystem, som ikkje er tekniske feil men manipulert. Russiske såkalla forskingsskip segler tett langs kysten.

Talet på droneobservasjonar går litt ned, men det er framleis observasjonar som politiet ikkje klarar å klarere ut. Det har vore øvingsaktivitet på operasjonssentralen siste vekene, for å sjå etterretningsaktivitet i samanheng med større scenario og beredskap.,.

Landro oppmoda kommunane om å bidra til å spreie bodskapen til befolkninga om å framleis ha litt høgare aktsemdsnivå, og at det er viktig at avvikande observasjonar blir meldt til politiet.

Samstundes er det viktig å kommunisere dette ut på ein måte som ikkje skremmer folk, for det er ikkje grunn til.

### Orientering frå PST Vest v/Torgils Lutro

Det er ein rolegare fase no, lite nytt. Tal meldingar inn har gått ned, men det som kjem har betre kvalitet. PST får òg spørsmål om tryggleiksrådgjeving både frå offentlege og private aktørar, noko dei gjerne bidreg med.

PST har m.a. merksemd på fordekt etterretning. Som dei opne trusselvurderingane viser, meiner PST at Russland har større risikovilje, men at verksemda er meir fordekt og med bruk av samansette/hybride verkemiddel. Det er framleis lite sannsyn for sabotasje. I så fall blir det gjerne brukt hybride verkemiddel som cyberangrep, og gjort på ein måte som er fornekta i ettertid.

Olje og gass, men òg infrastruktur som straum og ekom, har framleis høg merksemnd. Russland har eit openbert behov for varer og teknologi. Tre verkemiddel peikar seg ut; strategisk oppkjøp, fordekte anskaffingar og å ha ein annan sluttbrukar i kontrakten enn det som er reelt (bruk av transittland). PST prøver å formidle dette til verksemder det kan vere aktuelt for.

Det er viktig å ha merksemnd på at utanlandske arbeidskraft kan bli utsett for press frå heimlandet. Det er òg viktig å syte for å ha gode tryggleiksavtalar med tilsette, både for å trygge dei som arbeidstakar men òg med tanke på om dei skulle bli utsett for press.

Det er dykk der ute som kjenner normalsituasjonen, og som kan vurdere om det er nødvendig å ta kontakt med politiet eller PST.

### Orientering frå HV-09 v/Karl Johan Staff

Ingen avvik i høve normalbiletet.

Det er auka merksemnd på russisk aktivitet i Noreg. I tillegg til det politiet og PST omtalte, gjeld det presse og sivil aktivitet. Det kan ventast auke i russisk aktivitet gjennom vinteren. Forsvaret skal ha fleire øvingar dei kommande vekene. «Joint Viking (JV23)» er ei NATO-øving som går parallelt med øvinga «Jøssing» i Stavanger. Russland vil verifisere militær aktivitet opp mot eigne hypotesar, og vi kan kanskje oppleve auka bruk av hybride verkemiddel. Risikoer er at det kan oppstå utilsikta hendingar og ei ukontrollert eskalering. Staff orienterte òg kort om situasjonen i Ukraina.



## Statsforvaltaren i Vestland

Forsvaret har generelt merksemd på skjerpa årvakenhet, å førebu eventuell vidare beredskapsheving dersom det skulle bli aktuelt, og gjennomgang av planverk, prosedyrar og tiltak.

### Spørsmål

Alver kommune/Ståle Hauge: Til politidistriktet – Alver kommune har fleire naudhamner registrert i sjøkart, bør kommunen vurdere tiltak i høve dette?

Svar frå Landro: Nei, kommunen treng ikkje tenke på dette ut over vanleg drift. Russiske fartøy er i utgangspunktet forhindra frå å gå til norske hamner, med unntak av ly/shelter. Russiske trålarar har nokre unntak. Kvar dei russiske fartøya skal ligge blir handtert av Kystverket og FOH.

Skulle kommunen derimot oppdage russisk båt til hamn eller oppdagar noko, vil politiet ha varsel.

## 3. Atomberedskap

Situasjonsoppdatering frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) v/Ole Bøklepp

Bøklepp orienterte om status i Ukraina, med særleg vekt på atomberedskapsfaglege.

- Situasjonen på Zaporizjja-anlegget er framleis alvorleg, og med stort press på ukrainsk driftspersonell.
- Det er ikkje større endringar for dei tre andre anlegga; dei vert drifta som normalt og for fullt.
- IAEA planlegg for å vere fast til stades på alle kjernekraftverka i Ukraina, har per i dag fast fire faste representantar ved Zaporizjja.
- DSA har framleis stab på nivå 2, og Kriseutvalget for atomberedskap (KU) har jamlege møte.
- Bøklepp minna om at jodtablettar og innemelding ikkje vil vere aktuelle tiltak i Noreg ved ei hending i Ukraina. Aktuelle tiltak vil vere i så fall vere retta mot næringsmiddelproduksjon.

### Møte om utandørsopphald ved innemelding v/Mari Severinsen

Vi har i samarbeid med DSA invitert til temamøte 26. januar, om arbeid utandørs ved innemelding. Vi gjer merksam på at det ikkje er knytt til situasjonen i Ukraina, men atomberedskap generelt. Møtet kom i stand etter førespurnad frå Kraftforsyningens distriktsjef i Hordaland. Problemstillinga er relevant for mange andre verksemder, og vi inviterer kommunane og medlemene i fylkesberedskapsrådet til òg å delta.

## 4. Sivile beskyttelsestiltak – tilfluktsrom, befolkningsvarsling

Orientering frå Hordaland sivilforsvarsdistrikt v/Johnny Aslaksen

Sivile beskyttelsestiltak omfattar befolkningsvarsling med høg dekning, hensiktsmessig evakuering til trygge opphaldsstader og eigenberedskap.

### Tilfluktsrom

Rettleiaren for eigar av tilfluktsrom er under revisjon, og blir publisert så snart den er ferdig. Aslaksen orienterte m.a. om ulike grader av beskyttelse for ulike tilfluktsrom, fakta og bakgrunn for krav til vedlikehald, istandsetjing og drift av tilfluktsrom. [Meir informasjon finn ein på nettsidene til Sivilforsvaret](#). Presentasjon ligg saman med referatet.

Sivilforsvaret jobbar med å få ein endå betre status og oversikt, m.a. blir det jobba med å få på plass løysing for sjølvrapportering.



## Statsforvaltaren i Vestland

Tilråding om å følgje opp «enkelt» vedlikehald, som skifte av lyspærer og liknande. Minna om at endringar som ikkje kan reverserast på 72 timer er søknadspliktig, startar hjå Sivilforsvaret. Tilrår å söke om alle tiltak, òg mindre/reversible.

### Befolkningsvarsling

Nasjonal varslingsprøve av tyfonanlegg vart gjennomført 11. januar. Nasjonalt er det 1 250 tyfonar. Viss alle fungerer dekker dei om lag halvparten av befolkninga. Det er 67 anlegg i tidlegare Hordaland, 17 i tidlegare Sogn og Fjordane.

Det nye mobilbaserte befolkningsvarslingssystemet (MBV) vart presentert av regjeringa denne veka. MBV vil bli gjort tilgjengeleg i politidistrikta og sivilforsvarsdistrikta i løpet av første halvår 2023. Varslinga er ikkje sms-basert, men push-varsle som vil gi lyd, vibrasjon og bilet på skjermen fram til ein kvitterer ut. [Regjeringa har publisert ei pressemelding om det nye mobilbaserte befolkningsvarslingssystemet som du finn her.](#)

### Innretning av framtidige sivile beskyttelsestiltak

Det har vore jobba mykje med dette i eit forprosjekt sidan 2016. Det vil kome rettleiar om evakueringsplanverk retta særleg mot kommunane.

Omgrepet «trygge opphaldsstadar»; det er ikkje slik at tilfluktsrom er ikkje einaste saliggjerande tiltak. Opphald heime, tryggare område/lokalitetar, dekningsrom (t.d. kan parkeringsanlegg eller tunnelar gi ganske god og fornuftig dekning). Tilrådinga som ligg i justisdepartementet no, er å halde på eksisterande tilfluktsrom, vedlikehalde dei og setje dei i stand. Det har vore mykje negativ mediemerksemd om tilfluktsrom i Noreg, men det er verdt å ta med seg at vi her til lands har tilfluktsrom på eit nivå som er ganske mykje høgare enn mange andre.

### Lokasjonsbasert sms-varsling v/Mari Severinsen

Datatilsynet har gjort ei vurdering av lokasjonsbasert sms-varsling, for varsling til alle mobiltelefonar som er kopla til mobilnettet i eit gitt geografisk område. Hovudkonklusjonen er at *“lokasjonsbasert SMS-varsling kan som hovedregel kun bestemmes/igangsettes av statlige myndigheter, slik som departementer. Det utelukker for eksempel at regionale og kommunale organer på egenhånd kan bruke slike tjenester.”*

Vurderingane til tilsynet er gjort med omsyn til personvern, behandling av personopplysningar og fordeling av ansvar mellom involverte partar. [Du kan lese Datatilsynets vurderingar på denne sida.](#)

Vi opplever at konklusjonen til Datatilsynet er utfordrande av fleire grunnar:

- Kommunane er lokal beredskapsstyresmakt med lovpålagte oppgåver. Det betyr mellom anna å skulle varsle befolkninga, både innbyggjarar og dei som oppheld seg i kommunen.
- Per i dag dekker ikkje det nye MBV-systemet behovet på lokalt nivå. Det er heller ikkje klart i kva grad systemet vil dekke varslingsbehovet til kommunane når det er fullt ut på plass. Når politiet er involvert i ein beredskapssituasjon, vil behov som politiet har for varsling (t.d. ved evakuering) bli dekka av det nye systemet. Kommunane vil og ha andre typar varslingsbehov.

Vi ønsker difor å følgje opp denne problemstillinga litt meir med nasjonale styresmakter, før vi kjem med klare føringar til kommunane. Vi tilrår difor at dei kommunane som har lokasjonsbasert sms-varsling i dag ventar på nærmare beskjed frå oss før de avbestiller tenesta. Vi håpar å kunne kome tilbake med oppdatert informasjon om problemstillinga i neste beredskapsmøte.



## Statsforvaltaren i Vestland

Dette gjeld ikkje gjeld matrikkelbasert (adressebasert) varsling, berre lokasjonsbasert.

Matrikkelbasert varsling vil kunne nå alle som er registrert busett i eit råka område, men ein når ikkje t.d. studentar utan bustadadresse i kommunen eller turistar.

### 5. Status frå helseføretaka

#### Innleiing v/Linda Svori

Før vinteren vart det varsla om forventa auka sjukdomsbyrde (influenta, covid-19 og RS).

Helsedirektoratet bad om ein rapport om korleis stoda var i kommunane før jul. Vi gjorde eit utval og gav tilbakemelding om at pågang på legevakt og legekontor ikkje var særleg større enn i ein vanleg vintersesong, men at det var auka fråvær blant tilsette. Vi gav òg tilbakemelding om at det ikkje var ønskeleg med hyppig rapportering, med mindre det var behov for tiltak.

Det har vore stor pågang i spesialisthelsetenesta, utfordringar med kapasitet, og vurderingar av beredskapsnivå. Vi har difor bedt helseføretaka orientere dette, og høyre korleis dialogen med kommunane er.

#### Haraldsplass diakonale sykehus v/Kjerstin Fyllingen

Frå november/desember har dei hatt ekstremt stor tilstrøyming av nye pasientar til sjukehuset dagleg (om lag 25 % meir enn i ein normal vintermånad) og det gir ei stor logistikkutfordring.

Ser at mange pasientar no er eldre med mange og samansette sjukdomar. Stort trykk på sjukehusa betyr stort trykk i kommunane, der utskrivingsklare pasientar skal tilbake. Dei som ventar på plass er ofte dei som krev ekstra ressursar. Sjukehusa og kommunane står i same situasjon og har god dialog.

Vurderinga av å endre beredskapsnivå blir gjort i samarbeid med Helse Bergen. Har bemanna opp ut januar månad for å ha tilstrekkeleg bemanning (eigne tilsette, deltidstilsette, bemanningsenter, studentar osb.). Har kontroll på situasjonen. Siste dagar viser tendens til at virusinfeksjonar går ned.

Har dialog med kommunane i møte i helsefellesskapa, og er i dagleg dialog med kommunane om utskrivingsklare pasientar. Gjensidig forståing av at det er ein krevjande situasjon. Det er møte med Helse Bergen kvar veke.

#### Helse Førde v/Arve Varden

Samanlikna med dei andre helseføretaka har Helse Førde hatt ein litt atypisk situasjon gjennom november og desember, men ser ein noko stigande trend no.

I opptaksområdet er det influenza (15 %) og covid-19 (13 %) som dominerer, noko mindre utbrot av RS-virus (5 %). Det er ei rekke andre virus i omløp som gir lettare symptom.

Det er covid-19 (20 %) og influenza (13 %) som òg dominerer blant innlagte pasientar med luftvegsinfeksjon. Per no er ni pasientar innlagt med covid-19, to av dei på intensiv. Det har vore få barn innlagt med RS virus, og truleg har ikkje RS-bølga nådd opptaksområdet i vesentleg grad.

Det er jamt høgt belegg på dei medisinske sengepostane i heile helseføretaket (har svinga rundt maksgrensa). Føretaket har hatt noko sjukefråvær, men det har ikkje vore store driftsproblem. Elektive operasjonar har gått som normalt heile perioden.

På intensiv var det uro før jul pga. ganske stort sjukefråvær, men dei kom seg gjennom det på ein tilfredsstillande måte. Vurderer at det ikkje er aktuelt å sette beredskap per no. Har god dialog og samarbeid med kommunane. Ved behov kan ein retablere nettverk med kommuneoverlegane.



## Statsforvaltaren i Vestland

### Helse Bergen v/Eivind Hansen

Det har vore høgt trykk inn på Haukeland sjukehus over tid, men ikkje på Voss lokalsjukehus i same grad. Det er ganske stor RS-aktivitet på barne- og ungdomsklinikken. Det har vore nødvendig å hente inn ekstra personell og å ha 12-timars vakter i jula. Hadde venta at RS ville auke vidare etter veke to, men prognosene viser at det flatar ut. Det same ser det ut til å kunne gjere for covid-19 og influensa. Det er likevel framleis stor innstrøyming av pasientar til akuttmottaket. Mellom 25-30 % av pasientar i akuttmottak kjem i prinsippet berre til omfattande undersøking før dei blir sendt ut. Det er ganske stor rotasjon av pasientar i denne perioden.

Har auka kapasiteten for transport av sengeliggande pasientar («kvite bilar») utan prehospital kompetanse, og justert bemanning. Det ligg til ein kvar tid 25-30 utskrivingsklare pasientar. Veit at kommunane har det veldig stritt med dei same pasientgruppene. Det er godt samarbeid mellom helseføretaket og kommunane.

### Helse Fonna v/Olav Klausen

Helseføretaket gjekk til grøn beredskap 3. januar. Det skuldast ein utfordrande driftssituasjon knytt til høgt sjukefråvær, stor pågang av pasientar og overbelegg. Dei gjekk over til gul beredskap i dag, etter ei forverring av situasjonen.

Tiltak innført under grøn beredskap har gitt god effekt, men det kjem framleis inn fleire pasientar enn dei klarar å skrive ut. Det vart etablert jamleg og nesten dagleg kontakt med kommunane, som har ført til betydeleg betring og flyt i utskrivingsklare. Takk til kommunane som har bidratt betydeleg til det.

Eit høgt tal smittepasientar har ført til utfordringar på isolasjonskapasitet. Ser at talet smitta har begynt å flate noko ut, men det er framleis høgt. Innleiingsvis var covid-19 hovudutfordringa, men det har no snudd meir over mot influensa, RS og generelt nedsett allmenntilstand.

Etter overgang til gul beredskap er det redusert elektiv verksemd så langt det let seg gjennomføre. Kreftbehandling og ØH blir prioritert og ivaretatt. Det er mogleg å omdisponere personell frå anna drift inn mot sengepostar. Intensivkapasiteten er ok.

## 6. Orienteringssaker

### Paxlovid

Vi sendte denne veka vidare oppdatert informasjon frå Helsedirektoratet, om Paxlovid.

Helsedirektoratet informerte i møte i går om at dei no vil gå over til å sende slik informasjon direkte til kommunane, med kopi til Statsforvaltaren.

### Hurtigtestar

Det er ikkje meldt om stort forbruk av hurtigtestar knytt til vurdering av bruk av Paxlovid.

Helsedirektoratet ser per no ikkje behov for å opprette ny og større distribusjonsordning for hurtigtestar. Dersom de skulle sjå stor auke i bruk av hurtigtestar i kommunane, er det veldig fint om de gir oss beskjed, slik at vi kan varsle videre til direktoratet.

Det er framleis mange testar i fylket, og såleis høve til å omfordеле. Vi oppmodar om å ta kontakt med nabokommunane viss de treng testar (eventuelt ta kontakt med oss, så kan vi bidra til å kople dykk saman med kommunar med mange testar). Det er òg mogleg å bestille testar ved å sende e-post til [Hurtigtest@helsedir.no](mailto:Hurtigtest@helsedir.no). Det vil da bli køyrt ut testar frå det nasjonale lageret, og ein må ta høgde for at det kan vere lang leveringstid.



## Statsforvaltaren i Vestland

### Mangelsituasjon for antibiotika

Helsedirektoratet informerte i går om at dei er kjent med at det er mangel på antibiotika over heile landet. Det er tomt for fleire antibiotikapreparat, og det er ein særleg utfordrande situasjon knytt til preparat til barn. Direktoratet følgjer situasjonen tett.

Fylkeslege Sjur Lehmann la til at mangelsituasjonen er eit internasjonalt fenomen, og at det har kome parallelt med ganske alvorlege infeksjonar med gruppe A-streptokokkar. Kjent frå andre land at det har vore ein del unødvendige dødsfall blant barn. Samtidig som ein bør vere restriktiv med antibiotikabruk og følgje gjeldande retningslinjer, er det verdt å vere merksam på situasjonen. Han minna òg om at penicillin-tablettar er svært stabile, å knuse dei og blande i mat kan vere eit godt alternativ ved mangel på mikstur. Kan ofte vere eit betre alternativ for barn enn å jobbe seg nedover lista og bruke meir breispektra miksturar.

[På nettstaden antibiotika.no finns informasjon og råd om alternative preparat og behandling.](#)

### Rundskriv om bistand frå forsvaret

Forsvarsdepartementet har kome med eit [rundskriv om "Forsvarets bistand til offentlige myndigheter og andre beredskapsaktører med ansvar for samfunnssikkerhet, kritiske samfunnsfunksjoner eller kritisk infrastruktur mv."](#)

Rutinen gjeld berre for oppmodingar om støtte frå aktørar på regionalt og lokalt nivå, der støtte frå Forsvaret ikke er regulert av eigne samarbeidsavtalar eller forskrifter. Vi ber vi om at de tek kontakt med oss i tilfelle situasjonar der det kan vere behov for å be om støtte frå Forsvaret.

### Straumstønad til flyktingar som vert busett i hytter

Statsforvaltaren i Rogaland har fått ei tilbakemelding frå Olje- og energidepartementet på spørsmål om høve til straumstøtte til flyktingar som er busett i hytter/fritidseigedom, der kommunen har gitt mellombels unntak frå plan- og bygningslova. Vi legg ved informasjonen saman med utsending av referatet.